

Rogne barnehage, Voss sine kommentarar til høyringa

"Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehager i ein rammefinansiert sektor"

Høyringsfrist 31 juli 2010

Me har valgt å setje opp punktvis det me har kommentarar til i høyringa.

- *" kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle godkjente, ikkje-kommunale barnehager i kommunen, forutsatt at barnehagen har søkt om godkjenning før barnehagesektoren er fullfinansiert"*

Dette er eit kriterie som er sett frå departementet. Men kva då om ein utvider barnehagen. Misser ein den retten då? Dette ynskjer me ein meir tydelig forklaring på. Det står vidare seinare i høyringa at ein skal leggje til rette for vidare utbygging i barnehagesektoren, men er det då utan tilskudd???

- *Kommunen kan dessutan holde kommunale barnehager med særskilt høge kostnader til ordinær drift utenfor beregningsgrunnlaget.*

Kva ligg i begrepet særskilt høge kostnader?? Dette må presiserast. Og gjeld dette berre kommunale barnehager? Om det er ikkje-kommunale barnehagar som har særskilt høge kostnader, vert dei behandla særskilt og eller??

- **Tilskuddssatsene for drift** skal beregnes på bakgrunn av kommunenes budsjetterte kostnader til barnehagedrift det enkelte år. Desse skal gjerast kjent på eit tidlig tidspunkt. I tilknyting til kommunens årsbudsjett. Dersom satsane ikkje framgår av materialet, skal barnehagen gjerast kjent med dette på ein annan måte samtidig som budsjettet vert lagt fram til ettersyn.

Dette er eit flott moment i høyringa!! Me aner no ei framtid der me har forutsigbarheit i forhold til driftstilskudd! Flott!

- Fastsette tilskudd på 100% plass 1 gong pr år, i tillegg 1 etterjustering viss auke i kommunale barnehager.

Det vert gong på gong i høyringa nevnt at tilskudd er per 100 % plass. Kva med delte plasser? Vil her komme graderte tilskudd? Eller kjem barnehagen til å tape peng på å ha delte plasser?

- **Skissert 2 ulike modeller – ynskjer tilbakemelding på kva modell...**

Modell 1	kommunen må framskaffe tal på kapitalkostnadane i kommunale barnehager
Modell 2	Kommunen kan velje; beregne kapitalkostnader eller bruke gjennomsnittssatser for kapitalkostnadar i ikkje-kommunale barnehager

(Modell 1 gjer eit kapitaltilskudd som er i tråd med definisjonen av likeverdig behandling, dvs at tilskotet er det same som gjennomsnitt kapitalkostnader i kommunens egne barnehager.)

Tenkjer at sjølv om modell 1 er meir i tråd med definisjonen likeverdig behandling, vil nok det lette arbeidet i kommunal sektor om dei kan bruke modell 2 og kunne innhente gjennomsnittssatser for heile landet. Me vil og få ein meir heilhetlig tilskuddsmodell for alle landets ikkje-kommunale barnehager. For Rogne barnehage sin del kan Voss kommune bruke modell 2, der dei har valgfriheten.

- Søskenmoderasjon? Dette vert ikkje synleggjort nokon stad?
- Inntektsgradert foreldrebetaling? Korleis vert dette refundert etter ny modell?

Ynskjer at dette vert ein av dei synleggjordte postane i driftstilskuddet. Der barnehagane synleggjer forventa søskenmoderasjon i budsjettet ut frå barnegruppa kvart år. Her er det store summer i tap for små barnehagar kvart år.

Det same gjeld inntektsgradert foreldrebetaling.

Mvh

Samarbeidsutvalet i Rogne barnehage (SU)

v/ Trude Storheim